Forbrødring på ski

■ Internasjonalt ungdomsarbeid i Nesfjellet ■ Camp for 16. gong

19-åringen Renz frå California susar på stive bein ned bratthenget i Nesbyen Alpinsenter – og jublar.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Julia frå Australia blir derimot sendt ein tur innom barnebakken for å lære å stoppe på ski. Ho køyrde altfor fort.

– Det er moro å drive med dette, elles hadde eg ikkje gjort det, seier Jan Haraldseth, som held orden på det meste i dei sju dagane Nesbyen Rotaryklubbs vintercamp for utvekslingsstudentar blir arrangert. Og det gjorde han for 16. gong i år, like mange år som klubben i Nesbyen har teke imot studentar frå heile verda.

– I år er det 23 studentar frå ti nasjonar, seier Haraldseth.

Internasjonalt

Derfor køyrer 16-åringane Julia Ortiz frå Australia og Julie Pardini frå Frankrike saman i heisen på Nesbyen Alpinsenter torsdag føremiddag, og derfor køyrer 19-åringen Rentz Esteller frå USA på slalåmski noko han aldri hadde gjort før han kom til Norge i sommar – og til Gol.

Ungdommane skal lære å stå på ski i eit land som er eksotisk for mange av dei, og dei skal samtidig bli kjent med kvarandre. Dette er internasjonalt arbeid i praksis.

Fekk ideen

Men det hadde ikkje vorte nokon vintercamp utan initiativet som Jan Haraldseth tok for 16 år sidan.

Han hadde vore såkalla korrespondent i Rotary, det er ein som er med i utvekslingsprogrammet deira. Haraldseth fekk ansvaret for Latin-Amerika. Vinteren var dårleg, men ikkje i Nes då ideen om ein vintercamp dukka opp. Sida den gongen har utanlandske ungdommar kome frå heile landet for å vere med. I år deltek det utvekslingsstudentar frå Vadsø i nord til Grimstad i sør.

– Vintercampen er ein årleg dugnad i klubben. Klubbmedlemmer er instruktørar, nokon tek av ferien for å vere med, seier Haraldseth.

Knall og fall

Han ordnar reisa til Nesbyen, legg opp programmet og sørger for at skiutstyret og alt som trengst er på plass. Studentane bur i hytter på Nystølen, midt i fjellparadiset.

JIPPI: Moro på ski. Ungdommane stortreivst i løypene, og dei lærte fort.

Og på desse få dagane skal dei lære å gå på ski. Fredag var siste dagen. Då venta ein fjelltur til Åkrefjell. Det kan vere utfordrande nok for ein nybegynnar. Undervegs var det matkvil med kakao og bål.

– Det er mykje knall og fall. Dei fleste begynner på null. Det er første gongen dei har på seg ski. I alpinbakken begynner me med ploging – i barnebakken, seier Haraldseth.

Tanken med denne samlinga er å gi kunnskap om norsk vinter og friluftsliv i skog og fjell.

– Rett og slett gi dei eit innblikk i norsk kultur, og utvikle skiferdigheiter som kan gi deg glede. Dei er ivrige og dei lærer fort. Når dagen er slutt, er dei slitne, smiler han fornøgd.

Skal mimre

I juni skal studentane på norgestur. Då stikk dei innom Nesbyen – for å mimre.

– Det er så roleg her, og folk er så hyggelege, seier Julia frå Melbourne som aldri hadde gått på ski og knapt teke på snø før.

For Renz Esteller frå California var ikkje snøen ei ny oppleving. Han er utplassert på Gol, han går på vidaregåande skule, pratar og forstår norsk og har lært seg å gå og køyre på ski.

– Eg vil vere her lenger, seier Rentz, og stortrivst.

Neste år kjem det nye ungdommar til Nes for å ta dei aller første stavtaka. For Haraldseth og Co gir seg ikkje.

– Så lenge eg fungerer skal eg arrangere camp. For dette brenn eg for.

ENTUSIAST: Jan Haraldseth er vintercampens far. Her er han i sitt rette element, saman med ungdommar frå heile verda.

FÅR HJÆLP: Å kome seg på heisen kan vere vanskeleg nok for ein nybegynnar.

PÅ NULL: Det første studentane lærer er å ploge.